

Strategiplan Larsnes IL 2019 - 2022

«Det skal ein landsby til for å oppdra eit barn –
og til for å skape trivsel for dei vaksne.»

I dette bilde vil Larsnes Idrottslag spele ein sentral rolle!

Innhald

- VISJON
- VERDIGRUNNLAG
- ROLLE
- SOM MEDSPELAR
- ORGANISASJONEN
- TURN
- IDRETTSKULEN
- FOTBALL
- TRIM
- ANLEGG
- ØKONOMI

Økonomi

- Laget skal styrast etter fornuftige og solide økonomiske prinsipp der verdier skal skapast før dei kan nyttast.
- Laget skal ha god likviditet.
- Positiv egenkapital.
- Tilfredstille dei krav som idrett og andre stiller til økonomisk bokføring.
- Skal lage årsbudsjett og har god oppfølging av dette.
- Ansvarleg for at revidert rekneskap vert lagt fram for årsmøte.

Trim

Mål: Stimulere folk i alle aldrar til å trimme, ta vare på helsa si, nyte naturen – og ha felleskap med andre.

Tiltak 2019- 2022:

- Merking av stiar
- Utbetring av eksisterande stiar
- Få opp sikteplate på Vetan
- Arrangere fellesturar
- Trimtilbod for vaksne damer og menn i Larsneshallen

Anlegg

Mål: Laget skal vere aktiv i å legge til rette og realisere anlegg, både når det gjeld den organiserte idretten og fritidsaktivitetar i området.

Tiltak i perioda:

- ❖ legge til rette for fleire turstiar
- ❖ Utvikle området i Varane med tanke på full fotballbane og full hall
- ❖ Vere med å legge til rette for nærmiljøanlegg som aukar bukvaliteten
- ❖ Vere aktivt i forhold til kommune, fylke og søkje midlar til ulike tiltak

Idrettskule

Mål: Gi born i alderen 5-12 år (førskule - 7.kl) eit tilbod der dei får moglegheit til å prøve ut nye aktivitetar og idrettar.

Tiltak 2019 -2022:

- Fortsette å gi tilbod om aktivitetar/idrettar som ikkje er typiske i idrettslaget til vanleg, som til dømes klatring, gokart, riding osv.
- Halde fram med det gode samarbeidet vi har hatt med Sunnmørsbadet ang. symjeundervisninga. Sjå på om dette tilbodet kanskje bør utvidast, då det er ein aktivitet borna har stor nytte og glede av.
- Opne opp for inkludering av born frå nabobygder, då vi berre er ein idrettsskule i kommunen.
- Engasjere foreldre både inn mot sjølve aktivitetane i idrettsskulen (då spesielt for dei yngste), og dei sosiale tilstelningane idrettsskulen er med på å arrangere som Sumarsamkome og Sandemessa.

Fotball

Mål:

- Larsnes IL Fotball skal gi eit godt fotballtilbod til alle som ynskjer det.
- Larsnes IL Fotball skal vere kvalitetsklubb
- Larsnes IL Fotball skal legge Fair Play og klubbens verdiar til grunn for all aktivitet

Tiltak (2019-2022):

- Tilby kurs og kompetanseheving for trenarar, leiarar og dommarar i klubben
- Skape eit aktivitetstilbod til vaksne
- Jobbe med trygge rammer og førebyggjande tiltak mot mobbing.

Organisasjon

ORGANISASJONEN

- Organisasjonen og kompetansen i Larsnes IL skal utviklast i takt med dei utfordringane som laget møter i framtida.

STYRET

- Utarbeide strategi og overordna retningslinjer for korleis laget skal drivast i nært samarbeid med gruppene.
- Styret skal i saman med dei gruppene og andre tillitsvalgt syte for at klubben vert drita i tråd med vedtekne planar.
- Ansvarleg for strategiplan, at det vert utarbeidd årsplanar og budsjett
- Ansvarleg for dei oppgåvene som er felles i laget -og forvalte laget sin samla eigedom og økonomi

TILLITSVALGTE/TRENARAR

- Drifte klubben utifrå dei retningslinjene som er gitt frå styret.
- Skal ha tilstrekkeleg kompetanse for å drifte klubben
- Skal vere pådrivar, skape blest, entusiasme og auka aktivitet.
- Skal legge til rette på ein slik måte at mange frivillige vil delta i klubbens arbeid. Det skal vere kjekt å vere frivillige i Larsnes IL.

ANDRE FRIVILLIGE

- Skal bistå med kunnskap og engasjement i nært og godt samarbeid med tillitsvalgte og styre.

Turn

Mål:

Turngruppen har som mål å drive turn aktivitet for barn. Vi er ute etter å skape mestringsfølelse, motorisk utvikling og samhold. Det skal vere en plass for alle og et fint møte med idrettsgleden.

Treningene skal vere en blanding av turn og lek med en målsetting om å styrke barnas utvikling med tanke på basistrening. Å komme på turn skal vere gjenkjennelig, trygt og gi glede til alle deltakere.

Tiltak i perioden 2019-2022:

- Trener utvikling, vi skal jobbe mot å øke kompetansen blant trenerne.
- Utvikle treningsopplegget for å gi barna basistrening gjennom lek og sirkeltrening.
- Starte trampett for de eldste, et felles parti for flere kull.
- Jobbe med integrering av tilflyttede sandssokninger.

Rolle

Larsnes IL skal:

- vere ein open og inkluderande klubb, der dei vaksne skal gå føre som gode forbilder for barn og ungdom.
- til ei kvar tid få optimalt ut av tilgjengelege ressursar på alle områder.
- dyrke miljøet og frivilligheitskulturen. Dette skal gjere det mogeleg å utvikle ei breidde i tilbodet – samt å utvikle og vedlikehalde ulike anlegg.
- ta eit samfunnsansvar og gjennom godt samarbeid med kommune, skule og andre instansar/lag bygge eit godt oppvekstmiljø for barn og unge.
- er eit lag med breiddeidrett, men vil og legge tilrette så langt som råd er for dei som vil nå langt innafor sin idrett.
- bygge identitet gjennom gode opplevingar.

LIL som medspelar

Larsnes IL skal:

- samarbeide med næringslivet som eit godt sponsorobjekt og som ein samarbeidspartnar der vi kan utføre oppgåver i tråd med avtaler.
- gjennom samarbeid med næringslivet, kommunen og andre frivillege lag gjere Larsnes til ein attraktiv lag.
- vere positiv til at aktive frå ulike bygder skal finne sin fullverdige plass i laget
- vere aktiv i ulike mediekanalar, og profilere medspelarane på ein positiv måte.

Visjon

Klubben for alle!

Larsnes IL vil gje eit allsidig tilbod til alle som vil vere med i fysiske aktivitetar - og i sosiale samanhengar.

Laget vil vere ein sentral faktor i utviklinga av gode tilbod som skjer i Landsbyen Larsnes gjennom idrett og sosiale aktivitetar.

«Det trengs ein landsby for å oppdra eit barn – og for at vaksne skal trivast!

Verdigrunnlag

Glede

Godt miljø - skape glede og trivsel skal vere sentralt i kvardagen i laget.

Felleskap

Alle som vil skal finne seg ein plass i LIL, laget må ha eit allsidig tilbod.

LIL skal vere eit ope og inkluderande lag, og legge til rette for at både individuelle – og felles mål kan nåast.

Respekt

Respekt for einskilde og for laget sine oppgåver og verdiar skal ligge til grunn i all aktivitet som LIL står for.